

Festidalen som pepperkake

04.12.2012



**Pepperkakedysten som SPAR kunngjorde
er så langt ingen stor
suksess. Berre to bidrag har kome inn. Til gjengjeld er dei
kreative og fantasifulle.
Men innleveringsfristen er no forlenga til mandag og det er
å håpa at fleire vert med. Premien er mykje julesnop.**

Det eine bidraget er ein situasjon frå Festidalen der dei populære Seigmenn er i aksjon på scena. Det entusiastiske publikum består sjølv sagt av - seigmenn! Ellers er området prega av rundballar og til og med eit sponsorskilt er på plass.

Det andre bidraget er eit sjethus og hvis ein ser nøye etter oppdagar ein to 'gjester' der inne!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

